Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Løten

Emne: Folkelege musikkinstrument. Bygdelag:

Oppskr. av: Aksel Andersen. Gard:

(adresse): Ådalsbruk G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

B. Læraр Simon Haugen og bileigar Mikal Mikkelsen, Løten, båe i 50-årsalderen, segjer at det var vanleg leik i gutedagane å laga seg lurar av orebork um våren i sevjetida. Hadde dei kvistfritt tre som var langt nok til å skjera av, kunne dei få lurar som var heile meteren lange. Noko til å stiva dei av med hadde dei ikkje, og heller ikkje sette dei inn noko slag til å laga låt med. Desse lurane heldt seg ikkje lenge, for dei skrukna inn etter kvart som borken turka.

2.

Halmu og harpipe er ukjende ord. Men <u>vi(e)-pipe</u> er eit namn som er nytta um seljefløyta.

3.

Heimelaga rangle-leikor er det lite å fortelja um. Den med gåsehals og erter er i alle fall ukjend. Ein blekkdåse med lok på til å ha småstein eller noko anna hardt i, kunne ein sakke

7168

nemna; men so einfelte saker finst det knapt no lenger, og kva dei moderne kjøpe-leikene heiter, må ein helst få tak i etter varelistar frå industribasa-rane.

4.

Kjende måtar til å få fram knall og smell med er:

Smella eit blad over opet som kjem fram når ein bøygjer fingrane inn mot handflata og let tommelen møtast med peikefingeren.

Smella ein pose fylt med luft.

Smella blomsterkrúna til klokke-blomar som engsmelle og praktstjerne.

Svepesmell.

Nøtteskal i elden.

Dette er barneleik (når ein ser burt frå svepe-bruk i heste-køyring). Blad og blomar kjem inn under sumar-moro, posesmelling høyrer ein mest til på juletrefestar o. likn. Serskilde nem-ningar er det sparsamt med.

Gevær- og dynamittskot er ikkje van-lege ved festlege høve. Natt til 1. og 17. mai høyrer ein nok smell; men det er helst krut i ymse samansetna-der som blir nytta. At det no til dags er knytt noko slag truer til dette, kan ein ikkje segja. Det er berre barnslege sjeler millom ungdom og vaksefolk som held uppe ein skikk frå gamalt.

5.

Utanom „kråksmelle" mot skadefugl og andre dyre-skapningar kjennest inga slike ulåtar lenger.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7168

Hedmark,
Løten

Aadalsbruk, 15. juli -55.

Norsk Etnologisk Gransking,

Bygdöy.

Lur av orebork.

Det syner seg at kunsten aa lagaa lurar av orebork ikkje er reint utdöydd i Löten. Men produktet held seg ikkje i brukande stand meir enn nokre faae dagar, segjer Magnus Jensen, Aadalsbruk, skivefabrikant o. a. Han har gjort mange slike i si tid, og lovar no aa gjera ein lur som han sjölv kan ta fotografi av baade som "halvfabrikata" og i ferdig form.

Eg skal daa koma attende til denne saka naar eg har set resultatet av arbeidet hans.

Vyrdsamt

Aksel Andersson

10959

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING